

Stortingsmelding om humanistisk forskning og utdanning

Innspel frå Den norske Forleggerforening

Den norske Forleggerforening ved Høyskoleutvalget er svært glade for at ein i dei kommande stortingmeldingane vil sjå på kvalitet i høgare utdanning og humanistisk forskning og utdanning.

Innspela frå Den norske Forleggerforening gjeld begge meldingane.

Dei innspela vi her legg fram er så grunnleggande at det er vanskeleg å plassere det inn under ei av dei fire overskriftene i invitasjonen. Det gjeld i første omgang fagintern relevans, men vil også påverke dei tre andre.

Den norske Forleggerforening har to konkrete forslag som begynnes under. De er:

- Auke støtta i Lærebokutvalget fra ca. 5,4 millionar i dag, til ca. 10 millioner.
- At det blir utvikla insentiv- og belønningssystem som stimulerer til at tilsette i u&h-sektoren vil prioritere å skrive lærebøker på norsk.

1. Om Forleggerforeningen og høgskoleforlaga

Den norske Forleggerforening er ein bransjeorganisasjon for forlag. Våre medlemmer representerer til saman nærare åtti prosent av bokomsetninga i Noreg. Forleggerforeningen tar hand om fellestiltak og service overfor medlemsforlaga, og har ei brei kontaktflate overfor styresmakter, organisasjonar og presse i inn- og utland.

Dei akademiske forlaga som er medlemmer i Forleggerforeningen utviklar og publiserer forskingsbasert, norskspråklege lærebøker og digitale læringsressursar primært berekna for studentar ved norske universitet og høgskolar.

Den norske marknaden er kjenneteikna ved fire store akademiske forlag og ei rekkje mindre. Det sørger for skarp konkurranse forlaga imellom, noko som sikrar effektiv produksjon og innovasjon, og bidrar til at norske universitet og høgskolar får tilgang til studiemateriell av høg kvalitet – på papir og digitalt.

At studentar ved norske universitet og høgskolar får tilgang til studiemateriell på eige språk, gir effektiv innlæring, og utgiving av studiemateriell på norsk er eit avgjerande bidrag for å sikre norsk som eit fullverdig samfunnsberande språk.

Parallellspråklegheit er eit viktig prinsipp i høgare utdanning i Noreg. I det ligg det at norsk skal utviklast og ivareta som fagspråk og samfunnsberande språk, samtidig som engelsk skal takast i bruk som publiseringsspråk, og i undervisning, særleg på masternivå. Høg kompetanse i framandspråk står ikkje i motsetning til høg norskspråkleg kompetanse.

I arbeidet fra idé til utgivelse bidrar forlagene til å foredle og kvalitetssikre tekster, og har gjennom dette opparbeidet en unik kompetanse på norsk fagterminologi, norsk fagspråk, vitenskapelig publisering og spørsmål knyttet til opphavsrettigheter innen UH-sektoren. Dette er en meget



ressurskrevende form for forleggeri. Markedet er fragmentert i mange ulike studier og fag, og porteføljene kjennetegnes av små opplag. Det stiller store krav til forlagenes effektivitet og kompetanse.

Læremidla som blir utgitt blir altså foredlet gjennom utvelgelse og konkurranse i et marked, der akademiske forlag samarbeider både med private og offentlige aktører, og der det offentlige bidrar ved å legge til rette gjennom forutsigbare rammevilkår (moms, fastpris), og støtte der forlagene selv ikke makter å få til lønnsom produksjon (nynorsk, samisk, små fagområder). Universitets- og høyskolesektoren er tjent med en arbeidsdeling der forlagene tilbyr sin ekspertise, og det offentlige sørger for forutsigbare rammevilkår og sikrer en sunn konkurranse mellom kommersielle aktører.

2. Oppsummering

Det er eit samfunnsoppdrag for norske universitet og høgskolar å sikre høg fagleg kompetanse innan alle sektorar av arbeidslivet i det norske samfunnet. I den forskinga og undervisninga som skjer i høgare utdanning, er det derfor i alle fag eit underforstått mål at kompetansen skal tilbake til samfunnet, ikkje berre i form av dyktige fagfolk på dei spesifikke fagområda/profesjonane, men også i form av generell allmenkunnskap. Dette gjeld alle fag, men i særleg grad dei humanistiske faga som forvaltarar av ei grunnleggande allmenndanning. Forskaras formidling av kunnskap om til dømes språk, religion, historie, medieuttrykk og kultur er viktigare enn nagon gong.

I denne overføringa av kunnskap og innsikt tilbake til samfunnet, er språket heilt avgjerande.

Derfor er det fleire vektige grunnar til å stimulere til produksjon av norskspråklege lærebøker/læremiddel for høgare utdanning – i alle fag. Det første handlar om den samfunnsfunksjonen høgare utdanning har, det andre om å oppretthalde norsk som eit fullverdig samfunnsberande språk, og det tredje om kvaliteten i høgare utdanning.

I tilbakeføring av kunnskap og innsikt til samfunnet er det viktig at dei som får si utdanning ved norske universitet og høgskolar får med seg eit norsk fagspråk ut i samfunnet, slik at dei kan kommunisere med omgivnadene og vere i stand til å formidle faglege innsikter på ein forståeleg måte. Eit norsk fagspråk vil her gjere ny kunnskap og innsikt meir tilgjengeleg i samfunnet generelt.

Samtidig er utvikling av norsk fagspråk viktig i seg sjølv for å sikre norsk (bokmål og nynorsk) som fullverdige, samfunnsberande språk. Ny kunnskap, nye innsikter og ny refleksjon utfordrar dei språklege rammene våre og tøyser språket vårt. På nokre område nyttar ein i dag hovudsakeleg engelsk som fagspråk, på andre område har ein eit levande norsk fagspråk der forskarar utviklar terminologi og uttrykksmåtar på norsk. Denne utviklinga av norsk fagspråk er heilt avgjerande for å ha eit allmennspråk som held følgje med samfunnsutviklinga generelt, og samtidig i størst mogleg grad er tilgjengeleg for alle. I den samanheng er lærebøker på universitet og høgskolar særleg avgjerande for å halde oppe norsk terminologi og uttrykksform, både i fagspråket og i allmennspråket.

Kvalitet, både i forskning og utdanning, handlar om språkleg presisjon. Når det gjeld læringskvalitet og læringsutbytte, viser forskning at læring på eige morsmål har størst effekt. At det finst lærebøker og læremiddel på norsk vil altså i seg sjølv vere eit bidrag til å styrke kvaliteten i høgare utdanning og til å auke gjennomføringsgraden.

Derfor meiner vi det er viktig å stimulere til produksjon av norskspråkleg lærebøker/læremiddel, ved å auke støtta i Lærebokutvalget for høyere utdanning, og å innrette finansieringsmodellen for høgare



utdanning slik at det blir attraktivt for vitskapleg tilsette å publisere lærebøker.

3. Dagens situasjon

I dag er det særleg tre utfordringar utgiving av norskspråklege lærebøker/læremiddel står overfor.

- For det første førte omlegginga av gradsstrukturen frå grunnfag til bachelor til at tidlegare små, men over tid økonomisk berekraftige studentgrupper, blei erstatta av grupper så små at det ikkje lenger er økonomisk forsvarleg å utvikle pensumbøker.
- For det andre er den offentlege økonomiske støtta til utvikling og produksjon av lærebøker for små fag og studentgrupper historisk lav og for lav i forhold til behova.
- For det tredje – og det er i dag det største hinderet for produksjon av norskspråklege lærebøker – premierer ikkje finansieringsmodellen for høgare utdanning skrivning av lærebøker. Etter det vi erfarer oppfordrar tvert om mange lærestader sine tilsette utelukkande til å bruke arbeidstid på arbeid som gir teljekantpoeng, og fleire institusjonar går så langt at dei forbyr sine tilsette å bruke arbeidstid på skrivinga av lærebøker. Universitet og høgskolar har både forskning og formidling som føremål, og har eit lovpålagt ansvar for å oppretthalde og utvikle norsk fagspråk. Mangelen på insentiv for å fremje formidling i lærebøker og fagbøker, har gitt ei – truleg utilsikta - slagside som har gått ut over utvikling av norskspråklege lærebøker.

I denne situasjonen trengst det altså etter vårt syn ei justering av verkemidla, slik at konsekvensane av finansieringsmodellen for høgare utdanning ikkje hindrar utvikling av lærebøker, men heller stimulerer til det.

4. Tilbakeføring av kunnskap til samfunnet

I tilbakeføringa av kunnskap og innsikt til samfunnet er det viktig at dei som får si utdanning ved norske universitet og høgskolar får med seg eit norsk fagspråk ut i det norske samfunnet, slik at dei kan kommunisere med omgivnadene og vere i stand til å formidle faglege innsikter. Å formidle kunnskap om til dømes framandspråk, retorikk, medieutvikling, religiøse tendensar eller historiske linjer er eit krevjande og viktig arbeid samfunnet bør prioritere i større grad.

5. Sikre norsk (bokmål og nynorsk) som fullverdige, samfunnsberande språk

Språkvitskapane inngår i humaniora, og her har norske universitet og høgskolar eit særleg ansvar for norsk språk.

I Stortingsmelding 35 (2007-2008) *Mål og mening* blir det slått fast at er fag- og pensumlitteratur for høgere utdanning (bokgruppe 2) det strategisk viktigste feltet for å opprettholde norsk – bokmål og nynorsk – som samfunnsbærende språk.

6. Kvalitet i utdanning og forskning

Når det gjeld kvalitet i utdanning - og for så vidt også i forskning - er eit presist og formidlande språk heilt avgjerande. Når det gjeld læringskvalitet og læringsutbytte, er det viktig at det finst gode lærebøker som maktar å formidle faglege innsikter på ein effektiv og presis måte, slik at studentane ikkje bruker tid på unødige fortolkingar, eller misforstår innhaldet. I arbeid med utgiving av

lærebøker, bidreg forlag til å bearbeide og tilrettelegge resultat frå forskning slik at det blir tilgjengeleg for studentar. Dette handlar ikkje berre om fagterminologi, men det handlar også om faglege uttrykksformer, det vil seie fagspråk i vid forstand.

Forskning viser at læring på eige morsmål har størst effekt. Vi treng meir tid på å forstå ein engelsk tekst når engelsk ikkje er morsmålet (Karlsgren og Hansen 2003; Hellekjær 2005, norsk studie), vi forstår meir når teksten er på morsmålet enn på engelsk (Söderlundh 2004, svensk studie), og vi hugsar 25 % mindre når vi les tekstar på engelsk (Guldbrandsen mfl. 2002).

At det finst lærebøker og læremiddel på norsk vil altså i seg sjølv vere eit bidrag til å styrke kvaliteten i høgare utdanning.

7. Konkrete forslag

- Auke støtta i Lærebokutvalget fra ca. 5,4 millionar i dag, til ca. 10 millioner.
- At det blir utvikla insentiv- og belønningssystem som stimulerer til at tilsette i u&h-sektoren vil prioritere å skrive lærebøker på norsk.

Her er det viktig å merke seg at begge desse verkemidla trengst parallellt. Forlag er heilt avhengige av støtte frå Lærebokutvalget for å kunne utgi lærebøker for små fag og små studentgrupper, og på nynorsk. For bøker på bokmål bidreg det til at det kjem ut fleire bøker, at fleire og mindre fagfelt blir dekte, og at det også kjem ut bøker på område der det er betydeleg konkurranse frå engelsk. For nynorsk bøker er støtta heilt avgjerande. Samtidig må også vitskapleg tilsette ha anledning til og insentiv til å skrive slike bøker, og ikkje bli motarbeidd av eigen institusjon pga. teljekantsystemet, som berre gir insentiv til vitskapleg publisering.

I dag stimulerer støtta frå Lærebokutvalet forlag til å utgi bøker, mens teljekantsystemet i praksis er til hinder for dette fordi det er svært vanskeleg å få vitskapleg tilsette til å prioritere lærebokskrivning. Desse to verkemidla dreg altså i kvar si retning, og konsekvensen er at teljekantsystemet hindrar produksjon av lærebøker.

For å styrke produksjon av norskspråklege lærebøker, er det heilt avgjerande at desse to verkemidla dreg i same retning - at forlag får støtte som gjer dei istand til å gi ut eit breitt spekter av lærebøker, og at vitskapleg tilsette får anledning til å skrive dette. Her minner vi igjen om det lovpålagte ansvaret norske universitet og høgskolar har for å opprettehalde og vidareutvikle norsk fagspråk, slik det er knesett i St.meld. 25 (2007- 2008) *Mål og mening*.

Litteratur:

Airey, J. 2009. Science, Language and Literacy. Case Studies of Learning in Swedish University Physics. Acta Universitatis Upsaliensis. Uppsala Dissertations from the Faculty of Science and Technology 81. Uppsala [online]. URL: <http://publications.uu.se/theses/abstract.xsql?dbid=9547>.

Bogen, A. 2012. Domenetap i høyere utdanning. En analyse av pensumlitteratur i et utvalg utdanninger og utdanningsinstitusjoner i Norge. URL: https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/35106/Bogen_Master.pdf?sequence=1.

Guldbrandsen, P., T. V. Schroeder, J. M. og M. Nylenna 2002). Skjerm eller papir, morsmål eller engelsk: Når husker skandinaviske leger best hva de har lest? Ugeskrift for Læger (2002) (27).



Hellekjær, G. O. 2005. The Acid Test: Does Upper Secondary EFL Instruction Effectively Prepare Norwegian Students for the Reading of English Textbooks at Colleges and Universities. Oslo: University of Oslo.

Karlgren, J. og Hansen, P. 2003. Cross-language relevance assessment and task context. Foredrag presentert på Advances in Cross-Language Information Retrieval. Third Workshop of the Cross-Language Evaluation Forum, CLEF 2002, Roma, Italia.

Kristoffersen, G., M. Kristiansen og U. Røynealand. 2013. Landrapport Norge. Språkpolitiske grunnlagsdokumenter, internasjonalisering og parallellspråklighet i teori og praksis ved norske universitet og høyskoler. URL:

http://nordiskparallelsprogsnet.blogs.ku.dk/files/2013/04/Landrapport-Norge_01.04.131.pdf.

Norsk i Hundre. URL: http://www.sprakrad.no/upload/9832/norsk_i_hundre.pdf

http://cip.ku.dk/pdf/publ/Undviseres_holdninger_til_engelsk_som_undervisningssprog.pdf/.

Schwach, V., S.S. Brandt og C.F. Dalseng. 2012. Det gikk på engelsk og norsk, engelsk og norsk. En undersøkelse av språk i pensum på grunnivå i høyere utdanning. Rapport 7/2012.

<http://www.nifu.no/Norway/Publications/2012/NIFU%20Webrapport%207-2012.pdf>

Språkstatus 2012. Språkrådet 2012. (<http://www.sprakradet.no/nb---NO/Politikk---Fakta/Spraakpolitikk/Sprakstatus/Sprakstatus---2012/>)

Stortingsmelding nr. 35 (2007-2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk. URL:

<http://tinyurl.com/79ng68t>.

Stortingsmelding nr. 14 (2008-2009) Internasjonalisering av utdanning. URL:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-14-2008-2009.html?id=545749>

Söderlundh, H. 2004. Lika bra på engelsk? En undersökning av hur studenter i Sverige förstår kurslitteratur på svenska respektiva engelsk. *Språk och Stil* 14.